



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 31 S

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2016 under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 25. november 2016,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen endringar i løyvingar mv. under programkategoriane 21.10 Administrasjon, 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål, 21.60 Kystforvaltning og 22.10 Post og telekommunikasjonar.

2 Programkategori 21.10 Administrasjon

Kap. 1300 Samferdselsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

For å dekkje inn forslaget om å auke løyvinga på kap. 1300, post 21 Spesielle driftsutgifter – utgreiingar, modernisering av transportsektoren, foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 1300, post 01 Driftsutgifter, med 1,1 mill. kr, jf. omtale under post 21.

Post 21 Spesielle driftsutgifter – utgreiingar, modernisering av transportsektoren

Reformer innan transportsektoren er eitt av satsingsområda til regjeringa. Samferdselsdepartementet arbeider no med å følgje opp m.a. Meld. St. 27 (2014–2015) *På rett spor. Reform av jernbane-*

sektoren, jf. Innst. 386 S (2014–2015). Eit eige prosjekt i departementet arbeider med jernbane-reforma. Løyvinga på post 21 skal m.a. dekkje utgifter til lønn for mellombelse tilsette, konsulentutgifter og andre driftsutgifter i prosjektet. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1300, post 21 Spesielle driftsutgifter – utgreiingar, modernisering av transportsektoren, med 1,1 mill. kr.

Post 30 Miljø-/oljevernbase i Lofoten/Vesterålen

For 2016 er det løyvd 21,1 mill. kr til arbeidet med å etablere eit oljevern- og miljøsester i Lofoten/Vesterålen. Behovet for kjøp av tenester har vist seg å bli lågare enn budsjettet. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1300, post 30 Miljø-/oljevernbase i Lofoten/Vesterålen, med 11,1 mill. kr.

3 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

Kap. 1314 Statens havarikommisjon for transport

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga til Statens havarikommisjon for transport for å dekkje ekstra-

ordinære utgifter i samband med helikopterulykka på Turøy utanfor Bergen 29. april 2016. Arbeidet med å undersøkje ulykka er omfattande, og kostnadene er høgare enn det som blir sett av til havariundersøkingar i eit normalår.

I statsråd 17. juni 2016 blei det ved kongeleg resolusjon gitt samtykke til å overskride løyvinga i statsbudsjettet for 2016 på kap. 1314 Statens havarikommisjon for transport, post 01 Driftsutgifter, med inntil 5 mill. kr til undersøkinga av helikopterulykka på Turøy.

Statens havarikommisjon for transport har rekna kostnadene i samband med undersøkinga til 9,5 mill. kr i 2016. Dei direkte kostnadene ved det innleiande leite- og søkjearbeidet er fordelte mellom havarikommisjonen, Politiet i Hordaland og forsikringssselskapet. Den delen av kostnadene som havarikommisjonen må dekkje over kap. 1314, post 01, er rekna til i alt 7,3 mill. kr i 2016. Dette gjeld i hovudsak kjøp av konsulenttenester.

På denne bakgrunn foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 1314 Statens havarikommisjon for transport, post 01 Driftsutgifter, med i alt 7,3 mill. kr.

Tenestekonsesjon på Haugesund lufthamn

I Sundvoldenerklæringa går det fram at regjeringa vil leggje til rette for at kommunar og private kan delta i utviklinga på og rundt flyplassar. Haugesund lufthamn, Karmøy blir i dag eigd og drive av Avinor AS, som ei av selskapet sine nasjonale lufthamner. Om lag 650 000 passasjerar nytta lufthamna i 2015. Rundt 200 000 av desse var utanrikspassasjerar. Etter avtale med Avinor AS har det lokale selskapet Lufthavnbygging AS i fleire år drive med marknadsføring av Haugalandområdet og arbeidd for å få fleire utanlandsruter på lufthamna.

Samferdselsdepartementet vil i 2017 starte arbeidet med ein tenestekonsesjonsmodell på Haugesund lufthamn. Ein tenestekonsesjon inneber at Avinor held fram med å eige lufthamna, medan heile drifta av lufthamna blir sett ut til andre aktørar enn Avinor etter ein anbuds konkurranse. Tenestekonsesjonshavaren skal ta på seg heile drifts- og vedlikehaldsansvaret for lufthamna og vil stå fritt til å fastsetje lufthamnavgiftene og styre den kommersielle drifta. Det vil ikkje bli gitt tilskot til drifta av lufthamna. Tenestekonsesjonshavaren må vidare dekkje kostnadene ved å nytte infrastrukturen. Før konkurransen vil derfor departementet, i samarbeid med Avinor og med ekstern hjelp, fastleggje årleg vederlag for bruk av lufthamna. Vederlaget skal gå til Avinor og må

fastleggjast i tråd med statsstønadsregelverket. Avtalen vil gi rett til å bruke alle delar av lufthamn-anlegget. Vidare vil det bli knytt vilkår om trafikkløst til avtalen. Dersom konsesjonshavaren ikkje klarer å oppretthalde drifta, vil ansvaret bli tilbakeført til Avinor. Tenestekonsesjonen kan bli gitt for inntil 20 år.

Regjeringa legg ikkje opp til å endre Avinor-modellen, der det økonomiske overskotet på dei lønnsame lufthamnene dekkjer underskotet på dei ulønnsame. Regjeringa ønskjer derfor ikkje å utvide ordninga med tenestekonsesjon til andre lufthamner enn Haugesund.

4 Programkategori 21.30 Vegformål

Kap. 1320 Statens vegvesen

Post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m.

Ras, flaum, uvêr og brann

Uvêret Synne i desember 2015 og uvêret Tor i januar 2016 førte til større skader på riksvegnettet i Vest-Agder og på Vestlandet. I tillegg har det vore fleire jord- og steinskred på Vestlandet i 2016. Ein brann i Måbøtunnelen på rv 7 i Eidfjord kommune, Hordaland i 2016 førte òg til store skader. Departementet foreslår å auke post 23 med 50 mill. kr til å dekkje utgifter i samband med desse hendingane.

Kostnader ved å administrere kjøp av riksvegferjetenester

I 2016 er det budsjettert med utgifter til å administrere kjøp av riksvegferjetenester på post 72 Kjøp av riksvegferjetenester, med 30 mill. kr. Departementet foreslår at desse utgiftene blir ført på post 23, jf. omtale under kap. 1320, post 72.

Realistisk budsjettering av utgifter

På grunn av endra inntektsoverslag på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m. og post 02 Diverse gebyr, foreslår departementet å auke løyvinga på post 23 med 162,7 mill. kr, jf. omtale under kap. 4320, postane 01 og 02.

Oppsummering

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320 Statens vegvesen, post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m., med i alt 242,7 mill. kr.

Post 72 Kjøp av riksvegferjetenester

Gjennomgang av rekneskapa for 2015 viste at det var ført utgifter til å administrere kjøp av riksvegferjetenester på post 72. Slike utgifter skal ikkje førast på ein 70-post. For 2016 er utgiftene rekna til 30 mill. kr. I budsjettframlegget for 2017 er det foreslått å budsjettere desse utgiftene på kap. 1320, post 23.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1320, post 70 Kjøp av riksvegferjetenester, med 30 mill. kr.

Kap. 4320 Statens vegvesen*Post 01 Salsinntekter m.m.*

I 2016 er det budsjettert med salsinntekter m.m. på post 01 med 183,3 mill. kr. Prognosen viser at inntektene vil bli høgare enn budsjettert. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m., med 20 mill. kr, jf. kap. 1320, post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m., med forslag om tilsvarande auke av utgiftene.

Post 02 Diverse gebyr

I 2016 er det budsjettert med inntekter frå diverse gebyr på 357,3 mill. kr.

Etterspørselen etter å fornye førarkort har auka i 2016. Vidare er det ein auke i å byte inn førarkort frå utlandet og auke i talet på eldre som må ha nytt førarkort. På grunnlag av dette foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 4320, post 02 Diverse gebyr, med 142,7 mill. kr, jf. kap. 1320, post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m., med forslag om tilsvarande auke av utgiftene.

Fullmakt til å forplikte staten ut over budsjettåret for investeringsprosjekt ikkje omtalt med kostnadsramme

Samferdselsdepartementet har i 2016 fullmakt til å forplikte staten utover løyvinga for framtidige budsjettår for investeringsprosjekt på riksveg som ikkje er omtalte med kostnadsramme overfor Stortinget, men slik at ramma for gamle og nye plikter ikkje blir høgare enn 4,8 mrd. kr, jf. Prop. 1 S (2015–2016) og Innst. 13 S (2015–2016). Fullmakta omfattar prosjekt på kap. 1320 Statens vegvesen, post 30 Riksveginvesteringar, post 31 Skredsikring riksvegar, post 34 Kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, post 36 E6 over Filefjell og post 37 E6 vest for Alta.

Ein gjennomgang viser at det er behov for å auke ramma for pliktene til 6,5 mrd. kr fordi bindingar knytt til tunneltiltak blei vurderte for lågt da fullmakta blei fastsett, jf. forslag til romartalsvedtak. Dei auka pliktene er allereie påløpt. Departementet blei først klar over dette etter framlegget av Prop. 122 S (2015–2016) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016*.

5 Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak*Tilføyning av stikkord på kap. 1330, post 63*

Det er i 2016 løyvd 190 mill. kr som statleg tilskot til planlegging av Fornebubanen og til Superbuss i Trondheim på kap. 1330 Særskilde transporttiltak, post 63 Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt.

Ved behandlinga av Prop. 19 S (2015–2016) og Innst. 132 S (2015–2016) fekk posten i 2015 føydd til stikkordet «kan overførast». Posten har ikkje dette stikkordet i 2016, men det er foreslått for 2017, jf. Prop. 1 S (2016–2017).

Til planlegging av Fornebubanen blei det i 2015 løyvd 25 mill. kr, medan det i 2016 er sett av 100 mill. kr. I 2017 er det foreslått 50 mill. kr til dette prosjektet.

I 2015 og 2016 er det eit krav til utbetaling av statlege midlar til Fornebubanen at det blir inngått ein bymiljøavtale for Oslo og Akershus. Det er enno ikkje inngått ein slik avtale. Departementet foreslår derfor at stikkordet «kan overførast» blir føydd til post 63 Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt, jf. forslag til romartalsvedtak.

6 Programkategori 21.50 Jernbaneformål**Kap. 1350 Jernbaneverket***Post 23 Drift og vedlikehald*

Prognosane viser at Jernbaneverket vil få eit meirforbruk på post 23 Drift og vedlikehald, samanlikna med løyvinga for 2016 på i alt 592 mill. kr. Meirforbruket gjeld 475 mill. kr til fornying. Utgiftene i samband med jernbanereforma ser ut til å bli om lag 50 mill. kr meir enn rekna med. Vidare ser utgiftene til opprydding etter hendingar og påkøyningar av dyr ut til å bli om lag 40 mill. kr meir enn budsjettert. Det har òg vore behov for å auke aktivitetsnivået til korrektivt vedlikehald med om lag 27 mill. kr.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1350, post 23 Drift og vedlikehald, med i alt 592 mill. kr. Auken blir foreslått dekt inn ved å redusere kap. 1350, post 30 Investeringar i linja, med 592 mill. kr, jf. omtale under kap. 1350, post 30.

Meirforbruket på 475 mill. kr til fornying vil bidra til å redusere det omfattande etterslepet i fornyinga av den nedslite jernbaneinfrastrukturen, jf. Prop. 1 S (2015–2016). Etterslepet i 2016 vil med dette bli redusert med om lag 1,1 mrd. kr til om lag 16,6 mrd. kr ved utgangen av 2016. Rekna om til 2017-kr vil etterslepet ved utgangen av 2016 vere om lag 17,1 mrd. 2017-kr, medan det blei opplyst Prop. 1 S (2016–2017), side 156, at det ville vere 17,6 mrd. 2017-kr.

Samferdselsdepartementet har i 2016 fullmakt til å utgiftsføre utan løyving, og mot tilsvarende innsparing av løyvinga under kap. 1350, post 23, driftsutgifter for Jernbanedirektoratet på kap. 1352, post 01 Driftsutgifter, og tilskot til driftsutgifter i interimfasen for Bane NOR SF (kap. 1356, post 70), Togvedlikehold AS (kap. 1357, post 70), Togmateriell AS (kap. 1358, post 70) og Reiseplan og billett AS (kap. 1359, post 70).

I tildelingsbrevet for 2016 til Jernbaneverket blei det halde tilbake 100 mill. kr på kap. 1350, post 23, for å dekkje slike utgifter. Jernbaneverket ventar å bruke ytterlegare 50 mill. kr i 2016 i arbeidet med å gjere interimorganisasjonane for Jernbanedirektoratet og Bane NOR SF klare til operativ drift frå 1. januar 2017 som planlagd.

Ein stor del av kostnadene med å førebu Jernbanedirektoratet for operativ drift gjeld arbeid med å etablere IKT-systemet. I Bane NOR SF omfattar det særleg kostnader til å etablere system for økonomi, rekneskap, verksemdstyring og finansforvaltning, og kostnader til m.a. IKT, lønn/styrehonorar og juridisk bistand. Overslaga for driftsutgiftene på om lag 7 mill. kr for Togvedlikehold AS, Togmateriell AS og Reiseplan og billett AS interimfasen i 2016 og 2017 omfattar m.a. utgifter til styrehonorar, revisor, rådgiving og ulike førebuande arbeid, er ikkje endra, jf. Prop. 122 S (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 2 (2016–2017).

I tillegg til driftsutgiftene i interimfasen for dei nye organisasjonane på 150 mill. kr, har Jernbaneverket «ordinære» kostnader til reformarbeid i 2016, ved at 60 tilsette/35 årsverk i etaten er omdisponerte til reformarbeidet, slik at dei enten nyttar heile eller delar (meir enn 10 pst.) av arbeidstida på reformaktivitetar. Dette gjeld arbeid for Samferdselsdepartementet (6 tilsette/årsverk), Jernbanedirektoratet (29 tilsette/12 års-

verk) eller Bane NOR SF (25 tilsette/17 årsverk). Grovt rekna utgjer dette om lag 35 mill. kr i 2016 (1 mill. kr pr. årsverk) og blir dekt av løyvinga på post 23.

I sum blir Jernbaneverkets budsjett i 2016 belasta med utgifter til arbeid med jernbanereforma for i alt om lag 185 mill. kr.

Post 30 Investeringar i linja

Fleire av dei store investeringsprosjekta får lågare framdrift enn lagt til grunn i statsbudsjettet for 2016. Prognosane viser derfor at det vil bli eit mindreforbruk på post 30 i 2016 på i alt 744 mill. kr. Det er m.a. lågare framdrift og utsett installering av Thales signal- og sikringsanlegg på prosjekta Sandnes-Stavanger, Ganddal godsterminal og Barkåker-Tønsberg, i tunnelarbeida på prosjektet Arna-Bergen og oppretting av avdekte feil og manglar på erfaringsstrekninga for ERTMS på Østfoldbanens austre linje. Det blir òg mindre utbetalingar enn føresett i 2016 på grunn av utsette arbeid på fleire kapasitetsaukande tiltak og i planlegginga av nye jernbaneprojekt. For nokre prosjekt har utgiftene blitt mindre enn føresett, m.a. som følgje av lågare priser, mindre prosjektomfang eller lågare sluttoppgjer.

Ein del av mindreforbruket i 2016 (152 mill. kr) er forplikta og gir auka utgifter i 2017 for å halde rasjonell framdrift i prosjekta.

For å dekkje inn den føreslåtte auken på kap. 1350, post 23, foreslår Samferdselsdepartementet å redusere løyvinga på kap. 1350, post 30 Investeringar i linja, med i alt 592 mill. kr.

Kap. 1351 Persontransport med tog

Post 70 Kjøp av persontransport med tog

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1351, post 70, med 226,5 mill. kr.

Samferdselsdepartementet ventar i 2016 eit mindreforbruk på om lag 301,5 mill. kr i høve til disponibel løyving på kap. 1351, post 70 Kjøp av persontransport med tog. Departementet legg opp til at 75 mill. kr vil dekkje ev. krav i avtalane med togselskapa som m.a. kompensasjon for trafikkavvik og alternativ transport, og variabelt vederlag på Gjøvikbanen (bonus/malus) i 2017.

NSB AS hadde i 2015 trafikkinntekter frå strekningane på Austlandet (nærtrafikk Oslo og InterCity-trafikk) som var 83,5 mill. kr høgare enn prognosane i trafikkavtalen med Samferdselsdepartementet. I samsvar med avtalen reduserte departementet vederlaget til NSB for 2016 med

88,2 mill. kr, og vederlaget for 2017 blir redusert med 90,8 mill. kr.

NSB AS har på si side ein samarbeidsavtale med Ruter AS, som inneber at Ruter betalar takst-differanse til NSB. Oppgjeret mellom selskapa for 2015, som kan påverke NSB sine trafikkinntekter for 2015 er ikkje avslutta, men er planlagt avklart innan utgangen av 2016. Samferdselsdepartementets vederlag til NSB AS for 2016 og 2017 blir justert tilsvarende dersom oppgjeret mellom NSB og Ruter endrar NSB sine trafikkinntekter for 2015.

Orientering om kvalitetssikring av Arna-Bergen

I omtalen av prosjektet Arna-Bergen i Prop. 1 S (2016–2017) går det fram at det er sett i gang ei ny ekstern kvalitetssikring av delprosjekta Arna-Fløen (Ulriken tunnel) og Bergen stasjon-Fløen. Den eksterne kvalitetssikringa er no gjennomført. I kvalitetssikringsrapporten blir det m.a. tilrådd ei felles kostnadsramme på 6 981 mill. 2016-kr og ei felles styringsramme på 6 134 mill. 2016-kr for dei to delprosjekta.

Delprosjektet Arna-Fløen (Ulriken tunnel) blei først omtalt med løyving til oppstart i Prop. 1 S (2103–2014), og sist i Prop. 1 S (2015–2016). Det blei gjennomført ei kvalitetssikring av delprosjektet i 2012 med ei kvalitetssikra kostnadsramme på 3 344 mill. kr og ei styringsramme på 3 178 mill. kr. Den nye kvalitetssikringa omfattar òg ein eigen prosjektrevisjon delprosjektet av Arna-Fløen med forslag til ei eiga kostnadsramme viss prosjektet blir ført vidare utan samanslåing med delprosjektet Bergen stasjon-Fløen på 4 431 mill. 2016-kr, og ei styringsramme på 3 991 mill. 2016-kr.

I kvalitetssikringsrapporten blir det òg gitt fleire tilrådingar om prosjektstyringa og potensielle forenklingar på Bergen stasjon-Fløen, m.a. gjennomføring med ein periode (ev. fleire periodar) utan trafikk på om lag 6–8 månader og ev. reduksjonar i inngrepa i sporplanen på Bergen stasjon. Samferdselsdepartementet og Jernbaneverket ser no nærmare på dei tilrådde forenklingane på Bergen stasjon-Fløen. Samferdselsdepartementet vil kome tilbake til saka på eigna måte.

7 Programkategori 21.60 Kystforvaltning

Kap. 1360 Kystverket

Post 21 Spesielle driftsutgifter

I løyvinga for 2015 var det sett av midlar til arbeidet med å etablere ei støttefylling for U-864 utanfor

Fedje i Hordaland. Detaljprosjektering og anbudsprosess blei gjennomført i 2015. Etableringa av støttefyllinga blei gjennomført i 2016 og utgiftene dekt ved overførte midlar frå 2015. Løyvinga for 2016 skulle nyttast til miljøovervaking og vidare utgreiingar. Sidan støttefyllinga først blei etablert i 2016, vil det ikkje vere aktuelt med utgreiingar før i 2017. Midlar til dette inngår i budsjettframlegget for 2017. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1360, post 21 Spesielle driftsutgifter, med 28 mill. kr.

Kap. 1361 Samfunnet Jan Mayen og Loran-C

Post 01 Driftsutgifter

Loran-C blei lagt ned 1. januar 2016. I budsjettet for 2016 er det sett av midlar til å demontere/rigge ned master og annan infrastruktur knytt til Loran-C. Denne prosessen er mellombels stansa til det er vurdert om det er nokon som kan bruke infrastrukturen. Midlane til å rigge ned stasjon Værlandet, frakte Loran-C mast frå Jan Mayen og rigge ned og avhende stasjon Bø, i alt 6 mill. kr, vil ikkje bli brukt i 2016. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1361, post 01 Driftsutgifter, med 6 mill. kr.

Kap. 5577 Sektoravgifter under Samferdselsdepartementet

Post 74 Sektoravgifter Kystverket

Lønnsoppgjeret 2016

I samband med lønnsoppgjeret 2016 blei Kystverket tildelt 8,2 mill. kr over kap. 1360, post 01 Driftsutgifter, for den delen av verksemda som er avgiftsfinansiert. Kap. 5577, post 74, må derfor aukast tilsvarende.

Justering av inntektsramma

I budsjettet for 2015 fekk brukarane tilbakeført for mye innbetalte losavgifter tidlegare år. Dette blei gjort ved at inntektsramma blei sett 36,9 mill. kr lågare enn utgiftsramma. I budsjettet for 2016 blei det ikkje korrigert for dette ved å auke inntektsramma igjen.

Oppsummering

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 5577, post 74 Sektoravgifter Kystverket, med i alt 45,1 mill. kr.

Bestilling av nytt fartøy til Kystverket

I budsjettet for 2016 og i framlegget til budsjett for 2017 er det sett av høvesvis 81,8 og 83,9 mill. kr på kap. 1360, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehold, til å bestille eit fjerde multifunksjonsfartøy til Kystverket. På grunn av strengare miljøkrav og prisauke er bestillinga av det nye fartøyet blitt forsinka. Kystverket vil innan utgangen av 2016 signere avtale om å bygge det nye fartøyet. Det vil etter planen bli overlevert i 2018. Kostnadene til bygginga, inkludert kostnadsauken, blir dekt ved overføring av midlar frå 2016 og med midlar sett av i budsjettframlegget for 2017.

8 Post- og telekommunikasjonar

Kap. 1380 Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Post 01 Driftsutgifter

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1380, post 01 Driftsutgifter, med 850 000 kr, jf. omtale under kap. 1380, post 71 Tilskot til breibandsutbygging. Midlane inngår ikkje i sjølvfinansieringsordninga for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet.

Post 71 Tilskot til breibandsutbygging

Gjennomgangen av rekneskapan for 2015 viste at det på post 71 Tilskot til breibandsutbygging var ført utgifter til å administrere ordninga. Slike utgifter skal ikkje posterast på tilskotspostar. For 2016 er utgiftene rekna å utgjere 850 000 kr.

I budsjettet for 2017 er det foreslått å budsjettere desse utgiftene på kap. 1380, post 01. Det same bør gjerast i 2016. Samferdselsdeparte-

mentet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1380, post 71 Tilskot til breibandsutbygging, med 850 000 kr.

Kap. 4370 Posttenester (nytt)

Post 70 Tilbakebetaling post- og banktenester

I 2015 blei det løyvd i alt 418 mill. kr på kap. 1370 Posttenester, post 70 Kjøp av post- og banktenester. Det er lagt til grunn ein etterrekningsmodell som over tid vil sikre at det ikkje blir løyvd meir enn det faktiske behovet. Etterrekning i tråd med modellen viser eit faktisk behov i 2015 på 260 mill. kr til kjøp av post- og banktenester. Dette er 158 mill. kr mindre enn det som blei løyvd i 2015.

Departementet legg opp til at Posten Norge AS betalar rente på beløpet selskapet skal betale tilbake, jf. praksis tidlegare år. Renta er rekna til 2,9 mill. kr. Dette inneber at Posten skal betale i alt 160,9 mill. kr som følgje av overkompensasjon i 2015.

Samferdselsdepartementet foreslår derfor å løyve 160,9 mill. kr på kap. 4370, post 70 Tilbakebetaling post- og banktenester.

Kap. 4380 Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Post 01 Diverse gebyr

I samband med lønnsoppgjere for 2016 blei Nasjonal kommunikasjonsmyndighet tildelt 2,1 mill. kr over kap. 1380, post 01 Driftsutgifter. Etaten er i hovudsak sjølvfinansierande. Kap. 4380, post 01 Diverse gebyr, må derfor aukast tilsvarende. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 4380, post 01 Diverse gebyr, med 2,1 mill. kr.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2016 under Samferdselsdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2016 under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2016 under Samferdselsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2016 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|---|-------------|
| 1300 | | Samferdselsdepartementet | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 175 783 000 til kr 174 683 000 | 1 100 000 |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter – utgreiingar, modernisering av transportsektoren, blir auka med..... frå 24 276 000 til kr 25 376 000 | 1 100 000 |
| | 30 | Miljø-/oljevernbase i Lofoten/Vesterålen, blir redusert med frå kr 21 100 000 til kr 10 000 000 | 11 100 000 |
| 1314 | | Statens havarikommisjon for transport | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med frå kr 64 204 000 til kr 71 504 000 | 7 300 000 |
| 1320 | | Statens vegvesen: | |
| | 23 | Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m., <i>kan overførast, kan nyttast under post 29, post 30, post 31 og post 72,</i> blir auka med frå kr 10 527 030 000 til kr 10 769 730 000 | 242 700 000 |
| | 72 | Kjøp av riksvegferjetenester, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23 og post 30,</i> blir redusert med frå kr 954 300 000 til kr 924 300 000 | 30 000 000 |
| 1350 | | Jernbaneverket: | |
| | 23 | Drift og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 30,</i> blir auka med..... frå kr 8 187 594 000 til kr 8 779 594 000 | 592 000 000 |
| | 30 | Investeringar i linja, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23,</i> blir redusert med frå kr 5 856 600 000 til kr 5 264 600 000 | 592 000 000 |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|-------------|
| 1351 | | Persontransport med tog | |
| | 70 | Kjøp av persontransport med tog, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 3 249 900 000 til kr 3 023 400 000 | 226 500 000 |
| 1360 | | Kystverket: | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 36 736 000 til kr 8 736 000 | 28 000 000 |
| 1361 | | Samfunnet Jan Mayen og Loran-C | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 62 093 000 til kr 56 093 000 | 6 000 000 |
| 1380 | | Nasjonal kommunikasjonsmyndighet | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med frå kr 170 697 000 til kr 171 547 000 | 850 000 |
| | 71 | Tilskot til breibandsutbygging, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 126 500 000 til kr 125 650 000 | 850 000 |

Inntekter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|-----------|------|--|-------------|
| 4320 | | Statens vegvesen: | |
| | 01 | Salsinntekter m.m., blir auka med frå kr 183 300 000 til kr 203 300 000 | 20 000 000 |
| | 02 | Diverse gebyr, blir auka med frå kr 357 300 000 til kr 500 000 000 | 142 700 000 |
| 4370 (NY) | | Posttenester | |
| | 70 | Tilbakebetaling post- og banktenester, blir løyvd med frå kr 177 876 000 til kr 179 997 000 | 160 900 000 |
| 4380 | | Nasjonal kommunikasjonsmyndighet: | |
| | 01 | Diverse gebyr, blir auka med frå kr 177 876 000 til kr 179 997 000 | 2 121 000 |
| 5577 | | Sektoravgifter under Samferdselsdepartementet | |
| | 74 | Sektoravgifter Kystverket, blir auka med frå kr 749 000 000 til kr 794 100 000 | 45 100 000 |

Fullmakter til å forplikte staten utover gitte løyvingar

II

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2016 kan forplikte staten for framtidige budsjettår utover gitt løyving på kap. 1320 Statens vegvesen, post 30 Riksveginvesteringar, post 31 Skredsikring riksvegar, post 34 Kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, post 36 E16 over Filefjell

og post 37 E6 Vest for Alta, for investeringsprosjekt som ikkje er omtalte med kostnadsramme overfor Stortinget, likevel slik at samla ramme for gamle og nye plikter ikkje blir høgare enn 6 500 mill. kr.

Andre fullmakter

III

Tilføying av stikkord

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2016 kan føye til stikkordet «kan overfø-

rast» på kap. 1330 Særskilde transporttiltak, post 63 Særskilt tilskot til store investeringsprosjekt.



